

# SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE FOR LANDBRUKSRELATERTE SØKNADER FRÅ UTVIKLINGSFONDET I RINGEBU KOMMUNE

## RYDDING AV NYTT INNMARKSBEITE

### Kriterier:

Ringebu kommune vedtok i K-sak 054/12 å gi støtte frå utviklingsfondet til mindre tiltak i landbruket. Ordninga skal ikkje gi tilskot til tiltak som får støtte frå andre offentlege ordningar i jordbruket. Det gjeld både prosjektstøtte som bygdeutviklingmidlar (BU) og spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og driftsstøtte som produksjonstilskot i jordbruket (PT), regionale miljøplanmidlar (RMP) og nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).

Minste utbetaling er kr 5 000 i tilskot for ordningane 1 (nydyrking), 2 (grøfting) og 4 (rydding av innmarksbeite). For ordning 3 (kjøp av mjølkekvote) er det ikkje nedre grense for utbetaling. For å kunne søke om støtte i denne ordninga må søkaren også søke produksjonstilskot i jordbruket. Omfattar søknaden areal som søkaren ikkje eig, må han/ho legge fram avtale mellom seg og eigaren.

### Ordning nr 4:

Tilskot til rydding av nytt innmarksbeite med kr 500 pr. daa og maksimalt kr 20 000 pr. søkar pr. år (min 10 daa, maks 40 daa). Søknad om tilskot må sendast før tiltaket blir sett i gang. Søknaden må innehalde ein plan med kart over området ein planlegg å rydde. Ryddinga må ikkje vere i strid med anna lovverk, t.d. verneforskrifter. Tiltaket får ikkje støtte gjennom SMIL-ordninga. Tiltaket kan kombinerast med "flistoltilskot". Beitearealet skal vere ferdig rydda dvs. kvist og hogstavfall må vere fjerna eller samla i haugar. Beitet må vere rydda og inngjerda før tilskotet blir betalt ut.

Tiltakshaver er sjølv ansvarleg for dei tiltaka som blir sett i verk. Det blir ikkje gitt tilskot til arbeid som er sett i gang eller ferdig utført før søknaden er behandla.

### **Søknadsfristen er 15. mars 2018.**

Administrasjonen forbereder sakene, formannskapet i Ringebu fattar vedtak og kommunal klagenemd i Ringebu er ankeinstans for denne ordninga.

Viss det blir nødvendig å prioritere så skal støtte til nydyrking og kjøp av mjølkekvote dekkast fullt ut etter reglane for støtte. Ordninga med støtte til grønnting og beiterydding kjem i andre rekke. Restpott som kan bli brukt blir då fordelt på dei tiltaka (grønnting og beiterydding) som blir godkjente.

Tilskotssatsen blir tilpassa mengda pengar ein har til rådvelde.

Innvilga tiltak har ein frist på tre år for ferdigstilling. Tiltakshavar kan søke utsetjing i inntil to år. Administrasjonen behandlar utsettingssøknader.

## SØKNAD OM TILSKUDD TIL RYDDING AV NYTT INNMARKSBEITE 2018

Søkerens navn .....

Adresse ..... Gnr/bnr (omsøkt eiendom) .....

Tlf ..... E-post .....

Organisasjonsnr ..... Bankkontonr .....

Arbeidsbeskrivelse:

.....  
.....  
.....  
.....  
.....  
.....  
.....  
.....  
.....

Søker om tilskudd til ..... daa rydding av innmarksbeite.

Sted/dato ..... Underskrift .....

### Vedlegg

1. Kart M 1:5000
2. Avtale med grunneier (leiejord)

Søknaden sendes til:  
Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor  
Kommunevegen 1  
2647 SØR-FRON